

## Prosedyrar for fagnettverk skule i Sogn

Versjon: 04.06.2024

-Fagnettverksansvarleg har ansvaret for det faglege innhaldet i fagnettverket og skal lose nettverket gjennom dagen. Den har også ansvar for registrering av oppmøte (dersom programleiar ikkje er til stades på samlinga), at det tekniske utstyret er på plass og å lage framlegg til eit program som vert sendt til programleiar i god tid før samlinga

-Programleiar har ansvar for å legge ut invitasjon med program på heimesida [Komande Hendingar – Fagnettverk i Sogn](#) og sende denne ut til relevante mottakarar som rektorane, kommunalsjefane, PPT-leiarane og HVL-ressurspersonar m.fl på e-post. Programleiar har også ansvar for påmeldingar og avmeldingar.

-Programleiar har ansvar for å kvalitetssikre fagnettverka, lage QR-kode til evalueringa, samt bestilling av lokale og enkel lunsj (i samråd med fagnettverksansvarleg)

-Fagnettverksamlingane skal normalt leggest sentralt til Sogndal, men det kan gjerast unntak dersom ein til dømes ynskjer å besøke ein skule ein anna stad i Sogn eller har gode lokale tilgjengeleg i andre kommunar. Det er også rom for å gjennomføre digitale samlingar der det høver betre

-Tidsramme for fagnettverka er vanlegvis mellom kl 9.00-14.30. Men her er også mogeleg å starte kl 9.30/10 og avslutte kl 14 eller 15. Nokre få fagnettverk vert berre gjennomført på ettermiddagstid

-Dei siste 10-15 minuttane av samlinga skal nyttast til skriftleg evaluering etter digitalt skjema med QR-kode. Ein må også bruke den tida på å diskutere ynskje for neste samling og evt. avtale mellomliggande arbeid der det er aktuelt. Still gjerne spørsmål til deltakarane som «Er det noko som er utfordrande i skulen no knytt til tema innan vårt fagnettverk? Kva ynskjer de meir av?»

-Skulane bestemmer sjølve kor mange fagnettverk ein skal delta i. Nokre skular vil prioritere få fagnettverk, medan andre vil sende deltakarar på mange fagnettverk. Det er viktig å melde på dei som er engasjerte og som kan bidra aktivt i fagnettverket. Det er ynskjeleg at deltakarane er faste medlemmer av det einskilde fagnettverket for ein periode på to år for å skape kontinuitet og nettverkseffekt, men alle er velkomne!

-Det er som hovudregel maks 40 deltakarar pr. fagnettverk. Dersom det vert fleire påmeldt må programleiar fordele plassar mellom skulane/ kommunane. Dersom det vert færre enn 10 påmeldte vert fagnettverka normalt avlyst, med unntak av nettverk med færre i målgruppa som tysk og arbeidslivsfag

-Me anbefalar at skular som melder seg på fagnettverk melder på minst to tilsette i same fagnettverk for å betre legge til rette for etterarbeid og forankring/deling i eigen skule mellom samlingane

-Det er viktig at deltakarar på fagnettverk deler idear og kunnskap i eigen skule etter samlingane, gjerne på personalmøte eller faglærarmøte/avdelingsmøte. Her bør rektor vere ein pådrivar

-Tips: Det kan vere aktuelt å kontakte media for å få merksemd rundt fagnettverka dersom det er tenleg for å synleggjere kva me jobbar med

-Det er ynskjeleg at nettverksansvarleg sender eventuelle presentasjonar, bilete, tal oppmøte, stikkord frå fagnettverka/enkelt referat til programleiar som kan legge det ut på heimesida under «nyheiter» på heimesida <https://www.fagnettverkisogn.no/> Programleiar vil vidare sende ut lenkja på e-post til målgruppa og/eller deira leiarar dersom noko skal delast etter samlingane

-Det er ynskjeleg å få HVL meir involvert i fagnettverka. Programleiar har dialog med HVL om dette. Nettverksansvarleg kan også ta direkte kontakt med HVL eller andre eksterne ressurspersonar dersom det er aktuelt når programmet skal lagast. Det er kjekt med litt eksterne bidrag innimellom

-Det kan vere aktuelt med årleg felles evalueringsmøte kvar vår for fagnettverksansvarlege, arbeidsgruppa for skule og programleiar, evt. kan dette gjerast skriftleg. I slike møte kan ein også setje opp ein plan for komande skuleår i høve datoar og innhald. Årleg evaluering/oppsummering av fagnettverka bør vere sak under rektornettverket kvar vår

## **Økonomi**

Kvart aktive fagnettverk har ei ramme på inntil kr 15.000,- som kan disponerast kvart skuleår. Det er mogeleg å auke denne ramma ved behov etter dialog med programleiar. Rektor sender refusjonskrav til programleiar for frikjøp av fagnettverksansvarleg 1 dag pr. nettverkssamling. Dette må sendast til programleiar seinast i desember kvart år. Faktura for andre utgifter til fagnettverka (lunsj, lokale, honorar til ressurspersonar, gåver m.m) skal sendast direkte til programleiar merka med fagnettverk og dato. Slike utgifter kan kome direkte frå utstedar eller som refusjonskrav frå skulen/kommunen.

### Dei årlege midlane på 15.000 kr pr nettverk skal m.a freiste å dekke:

-vikarutgifter for fagnettverksansvarleg: ein dag avspasering pr. fagnettverkssamling (sjølve nettverksdagen vert ikkje dekkja, men ein seinare dag som ein avtalar med leiaren sin)

-enkel lunsj, kaffi/te og evt. frukt til alle deltakarar på samlingane

-leige av rom. Me legg opp til å bruke gratis lokale så langt det er mogeleg

-evt. symbolsk gåve til ekstern føredragshaldar, særleg dersom dei ikkje skal ha honorar

-faktura til ekstern føredragshaldar dersom det er mindre beløp som ein har mogelegheit til å dekke innanfor potten

-evt. naudsynt utstyr som handbøker eller anna materiell til fagnettverksansvarlege. Ta kontakt med programleiar i forkant av innkjøp dersom det ikkje er rom for dette innanfor den årlege potten. Beløp utanfor potten må alltid avklarast med programleiar

Dersom det vert aktuelt å nytte seg av eksterne ressursar som skal ha honorar som ikkje kan dekkast av potten, må dette avklarast med programleiar først. Det kan vere tilgjengelege regionale midlar me kan nytte til dette. Større utgifter til eksterne ressurspersonar bør helst prioriterast til større samlingar som til dømes regionale planleggingsdagar og fagdagar for tilsette i skulane i august, november og mars der målgruppa er større.